



Arkivnr: 2016/4913-6

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

## Delegering av takstmynde for kollektivtrafikk ved innføring av mellombelse auka bompengeretakstar (beredskapstakstar) i Bergen

### Samandrag

I samband med det vil bli opna opp for at det kan innførast mellombelse auka bompengeretakstar i Bergen på dagar med høg luftureining og at inntektene frå takstauken kan finansiera kollektivtrafikk i gjeldande periode, er det aktuelt å tilby dei reisande gratis kollektivtransport. Fylkesutvalet handsama 16.11.2016, sak «Forskrift om mellombelse bompengeretakstar i Bergen - høyring», sak 269/16, og bad i vedtakspunkt tre om at fylkesrådmannen så snart som råd legg fram ei delegasjonssak om avgjerdsmynde i spørsmålet om gratis kollektivtransport i samband med innføring av mellombelse auka bompengeretakstar i Bergen.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget delegerer mynde etter yrkestransportlova §22 til fylkesrådmannen til å fastsetja kollektivtrafikketakstar i periodar der det er vedteke å ta i bruk mellombelse auka bompengeretakstar (beredskapstakstar) etter §27 i veglova. I praksis vil ei slik delegering innebera, slik dei politiske føringane er per i dag, at det vert innført gratis kollektivtrafikk i Bergen i same tidsrommet som dei mellombelse bompengane (beredskapstakstane) er gjeldande. Fylkesrådmannen arbeider no med ei praktisk avgrensing av kvar ein skal tilby gratis kollektivtrafikk på dagar med mellombelse bompengeretakstar (beredskapstakstar).

### Forslag til innstilling

Fylkestinget delegerer mynde etter yrkestransportlova §22 til fylkesrådmannen til å fastsetja kollektivtrafikketakstar i periodar der det er vedteke å ta i bruk mellombelse auka bompengeretakstar (beredskapstakstar) i Bergen etter §27 i veglova.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 24.11.2016

### Bakgrunn

I samband med at det vil bli opna opp for at det kan innførast mellombelse auka bompengeretakstar i Bergen på dagar med høg luftureining og at inntektene frå takstauken kan finansiera kollektivtrafikk i gjeldande periode, er det aktuelt å tilby dei reisande gratis kollektivtransport. Fylkesutvalet handsama 16.11.2016, sak «Forskrift om mellombelse bompengeretakstar i Bergen -høyring», sak 269/16, og bad i vedtakspunkt tre om at fylkesrådmannen så snart som råd legg fram ei delegasjonssak om avgjerdsmynde i spørsmålet om gratis kollektivtransport i samband med innføring av mellombelse auka bompengeretakstar i Bergen.

### Tidlegare vedtak om beredskapstakstar og gratis kollektivtrafikk

Fylkestinget handsama 9.3.2016, sak 18/16, «Strakstiltak for betre luftkvalitet - beredskapstakstar og gratis kollektivtilbod på dagar med fare for høg luftforureining»<sup>1</sup>. Gratis kollektivtrafikk inngår som ein premiss for saka og nedfelt som ein premiss i pkt. 3c i vedtaket:

«c) *Kostnader og finansiering:*

*Meir- eller mindreinntekter som følgje av iverksetting av tiltaket vert handtert av Bergen bompengeselskap a/s. Det inkluderer kompensasjon til Hordaland fylkeskommune for kostnader knytt til gratis kollektivtransport. Statens vegvesen vil inngå ein tilleggsavtale med selskapet etter at Samferdselsdepartementet har fastsett takstforskrift.»*

Fylkesutvalet handsama 16.11.2016, sak «Forskrift om mellombelse bompengeretakstar i Bergen», sak 269/16, og gjorde mellom anna slikt vedtak:

*«Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen så snart som råd legge fram ei delegasjonssak om avgjerdsmynde i spørsmålet om gratis kollektivtransport i samband med innføring av mellombelse auka bompengeretakstar i Bergen.»*

### Delegering av takstmynde

#### Takstmynde

Fylkeskommunen har ansvar for å yte godtgjersle til rutetransport som fylkeskommunen vil oppretta eller halda oppe innan eit fylke og å vedta ruteplan og takstar iflg. yrkestransportlova §22.1-2:

*«(1) Fylkeskommunen har ansvar for å yte godtgjersle til rutetransport som fylkeskommunen vil opprette eller halde oppe innan eit fylke, jf. likevel § 24.*

*(2) Vedtak av fylkeskommunane i saker om godkjenning av ruteplan, takstar og godtgjersle kan ikkje klagast til departementet.»*

I Hordaland fylkeskommune er det fylkestinget som har takstmynde. Dette er ikkje delegert vidare. Takstane for kollektivtransport vert fastsette i dei årlege budsjettvedtaka i fylkestinget.

#### Forslag om delegering av takstmynde

Innføring av mellombelse auka bompengeretakstar er aktuelt som eit strakstiltak når periodar med akutt lokal luftforureining oppstår. Gratis kollektivtrafikk er meint å redusera dei negative konsekvensane innføring av beredskapstakstar har. For å ivareta operative og praktiske omsyn i slike akuttsituasjonar, vil det vera formålstenleg å gje fylkesrådmannen mynde til å kunna fastsetja kollektivtrafikketakstar i periodar der det er vedteke å ta i bruk mellombelse auka bompengeretakstar (beredskapstakstar) etter §27 i veglova

### Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget delegerer mynde etter yrkestransportlova §22 til fylkesrådmannen til å fastsetja kollektivtrafikketakstar i periodar der Bergen kommune vedtek å ta i bruk mellombelse auka bompengeretakstar (beredskapstakstar) etter §27 i veglova. I praksis vil ei slik delegering innebera, slik dei

<sup>1</sup> Sjå:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=178728&documentId=306165>

politiske føringane er per i dag, at det vert innført gratis kollektivtrafikk i Bergen i same tidsrommet som dei mellombelse bompengane (beredskapstakstane) er gjeldande. Fylkesrådmannen arbeider no med ei praktisk avgrensing av kvar ein skal tilby gratis kollektivtrafikk på dagar med mellombelse bompengetakstar (beredskapstakstar).